

Innkalling

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Formannskapssalen Sykkylven rådhus
Dato	26.01.2023
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/23	Interimrevisjon 2022 - Sykkylven kommune
PS 03/23	Delrapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehage Sykkylven
PS 04/23	Årsmelding 2022 for Sykkylven kontrollutval
PS 05/23	Møteplan for 2023 - Sykkylven kontrollutval
PS 06/23	Meldingar
MS 01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Ålesund, 19.01.2023

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/23	Sykkylven kontrollutval	26.01.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 30.11.2022

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Møterom Haugsetvegen 41, Sykkylven brannstasjon
Dato	30.11.2022
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:00

Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Leonhard Vårdal
Petter Hole-Drabløs

Forfall

Målfinn Aanning

Møtande varamedlem

Roar Philip Watters (Møtte ikkje)

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon AS møter oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.
Rådigvar Solveig Kvamme deltek frå Kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin leiar har fått munnleg innspel om ei bekymring over utstrakt bruk av vikarar innen helse og omsorg og at dette kan føre til avvik innan medikamenthandteringa. Leiar oppmoda vedkommande om å ta det opp i linja og nytte avvikssystemet. Kontrollutvalet tek det med vidare som eit innspel når utvalet skal arbeide med ei risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for neste periode.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 23/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 24/22	Revisjons- og kommunikasjonsplan 2022
PS 25/22	Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022
PS 26/22	Møteplan 2023 Sykkylven kontrollutval
PS 27/22	Meldingar
MS 04/22	Melding om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende 2022
MS 05/22	Status - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk barnehage - Sykkylven
MS 06/22	Oversikt pr 20.11.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker
MS 07/22	Informasjon om kontrollutvalskonferansar i 2023
MS 08/22	Melding om tilsynsrapport om trygt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2022

PS 23/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 23/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 24/22 Revisjons- og kommunikasjonsplan 2022

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 24/22 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek framlagte revisjons- og kommunikasjonsplan 2022 til vitande.

PS 25/22 Revisor sin plan for forenkla etterlevingskontroll 2022

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 25/22 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek revisor sin framlagte plan for etterlevingskontroll 2022 til vitande.

PS 26/22 Møteplan 2023 Sykkylven kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval vedtek at neste møte i kontrollutvalet vert torsdag 26. januar 2023 kl. 14.00.

Forslag til møteplan for resten av 2023 vert lagt fram til vedtak i dette møtet

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 26/22 vedtak

Sykkylven kontrollutval vedtek at neste møte i kontrollutvalet vert torsdag 26. januar 2023 kl. 14.00.

Forslag til møteplan for resten av 2023 vert lagt fram til vedtak i dette møtet

PS 27/22 Meldingar

MS 04/22 Melding om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 05/22 Status - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk barnehage - Sykkylven

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 05/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande

MS 06/22 Oversikt pr 20.11.2022 - oppfølging av kontrollutvalet sine saker

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 06/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/22 Informasjon om kontrollutvalskonferansar i 2023

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering frå kommunedirektøren etter dette tilsynet, på eit av dei første møta i januar.

Samrøystes vedteke

SYKU - 07/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 08/22 Melding om tilsynsrapport om trygt skulemiljø Sykkylven ungdomsskule 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 30.11.2022

Behandling

Samrøystes vedteke

SYKU - 08/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 02/23 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
26.01.2023

Interimrevisjon 2022 - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding:


Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap og lånefond. Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret.

I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.



Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at vi kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 26.01.2023 vil oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimsrevisjonen 2022. Hennar presentasjon ligg ved saksframlegget.

Målet er at revisor gjev ei oppsummering som kan gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt.

Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad at dei fører til eventuelle endringar av planen for revisjon av årsrekneskapen 2022.

Vedlegg

Rapportering interimsrevisjon 2022 - Sykkylven kommune

Rapport etter interim 2022

SYKKYLVEN KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 26.01.2023

Faser i regnskapsrevisjon

2

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget 24. november

- **Interimsrevisjon**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen
Møte med kontrollutvalg

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

Identifiserte risikoer etter revisjon 2021

Områder	Anbefalinger og funn
Regnskapsrapportering	- Bør ferdigstille skriftlige rutiner for internkontroll på finansforvaltning. - Rapportering av forvaltning av finansmidler må følge gjeldende lovkrav om finansrapportering, ref etterlevelseskontroll og nummerert brev. - Vi anbefaler at det utarbeides rutiner som sikrer at alle som får deaktivert sin AD bruker også slettes fra systemet. - Årsmeldinga skal minst 2. hvert år kartlegge lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig deltidsarbeid. Må inn i årsmeldingen for 2022.
Salgsområdet	- Feilklassifisering av kundefordringer. Dette ble korrigert i årsregnskapet for 2021. - Vi anbefaler at det gjøres en avstemming og analyse av leieinntekter og brukerbetalinger for å sikre fullstendig bokføring av alle inntekter. - Ved beregning av vederlagsbetaling på institusjon har vi anbefalt arbeidsdeling for å sikre god intern kontroll og hindre sårbarhet ved sykdom. Vi har fått opplyst at dette arbeidet er påbegynt i 2021.
Innkjøp / kostnadsområdet	- Revisjonen anbefaler at kommunen utarbeider et skriftlig reglement med mål, forventninger og strategi for innkjøp og anskaffelser. Vi anbefaler også at det utarbeides ei tydelig oppgave- og ansvarsfordeling og videre at fullmakter skriftlig-gjøres med beløpsgrenser til de som har innkjøpsfullmakt, jf forvaltningsrapport vedr off. innkjøp og anskaffelser. - Vi anbefaler også at kommunen utarbeider et oppdatert avtaleregister over kommunen sine avtaler, samt ei oversikt over inngåtte avtaler og et system for oppfølging av for eksempel rammeavtaler, jf forvaltningsrapport vedr off innkjøp og anskaffelser
Driftsmiddel / investeringsområdet	Viser til punktene under innkjøp/ kostnadsområdet.
Lønnsområdet	Ingen.
Overføringsområdet	Forbedre rutiner og dokumentasjon av attestasjoner.
Finansområdet	Ved gjennomgang av bundne fond ble det avdekket en del fond som har stått urørt de siste årene. Revisjonen anbefaler at disse gjennomgås og evt ryddes i. Kommunen har allerede satt dette på agendaen for 2022.

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels/ høy anslått risiko ●

Risiko for feil i forbindelse med utarbeidelsen av regnskapet, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Endret regelverk også for 2022.

Revisjonshandlingene på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Interimsrevisjon av området:

Kvartalsrapportering til kommunestyret. Økonomisjef har rapportert per kvartal på regnskap. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold. Vi har kontrollert at det er foretatt rapportering av finansmidler til kommunestyret minst to ganger i løpet av året og at disse inneholder de formelle kravene til rapportering.

Budsjett – kontroll om budsjett i budsjettskjema stemmer med vedtak. Denne handlingen vil bli utført i januar.

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner, lite bruk av skjønn og estimat. Ordinær merverdiavgift trekker risikoen noe opp. Interimsrevisjon av salgsområdet: - Rutinekartlegging - Analyse - Fakturering – kontroll av satser Ingen forhold ved vår kartlegging eller analyse som indikerer at vi bør endre vår revisjons strategi eller risikovurdering på området

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps / kostnadsområde	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Middels anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. I tillegg er det ofte snakk om høye beløp som trekker risikoen opp. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning Ved vår bilagskontroll i forbindelse med kommunens søknad om momskompensasjon, har vi kontrollert at bilag blir attestert og anvist av to ulike personer – det er ikke funnet avvik her Rutinegjennomgang og analyse på området ga ingen indikasjon på at vi bør endre vår revisjons strategi eller revisjonsrisiko.

Revisjonstilnærming – Driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering	Middels anslått risiko ● Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. Interimsrevisjon av driftsmidler/ investeringsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroller – kontroll på anskaffelser over 100` og investeringsprosjekt gjennomgang Handlingene rutinegjennomgang og analyse er gjennomført uten vesentlige endringer eller uforklarlige avvik. Resterende handlinger ferdigstilles i løpet av januar. Revisjonsstrategi og revisjonsrisiko på området opprettholdes.

Revisjonstilnærming - Lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav anslått risiko ●

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Interimsrevisjon av lønnsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger.
- Nyansettelser – kontroll av riktig registrerte opplysninger i HRM
- Oppdaterte riktige satser i HRM fra lokale forhandlinger og hovedtariffavtalen
- Pensjon – kontroll tilknytning mot pensjonskasse
- Ledelsesattesterte lønningslister

Handlingene rutinegjennomgang og analyse er gjennomført uten vesentlige endringer eller uforklarlige avvik.
Resterende handlinger ferdigstilles i løpet av januar.

Det er under interimsrevisjon av området ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko.

Revisjonstilnærming - Overføringsområdet

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Status etter interim

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Lav anslått risiko: ●

Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total-avstemmes mot ekstern dokumentasjon.

Interimsrevisjon av overføringsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Merverdiavgiftskompensasjon termin 1-5
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av faktura

Kontroll av attestasjon og anvisning bygger på test av kontroll som gjøres på innkjøp/kostnadsområdet.

Øvrige kontroller på området gjennomføres mest effektivt i årsoppgjøret.

Det er under interimsrevisjon av området ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko.

Særattestasjoner - Overføringsområdet

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Utførte særattestasjoner der vi har avgitt egen uttalelse i perioden:

- Søknad om momskompensasjon termin 1:5
- Forenklet etterlevelseskontroll økonomiforvaltningen – finans
- Tilskudd IPS NAV Sykkylven/Stranda
- Stadfesting lønnsutgifter 2021 spesialpedagog
- Tilskudd til forsterkning av fosterhjem og nærmiljøtiltak
- Tilskudd til aktivitetstiltak og besøksvert
- Tilskudd til å utarbeide kvalitative verktøy for godt tjenesteforløp til personer med psykisk utviklingshemming i bruk av velferdsteknologi (MISU)
- Attestasjon kompensasjonsmidler for lokale virksomheter – 6. runde
- Tilskudd til Kompetansepluss Arbeid 2021-2022 (Sykkylven opplæringscenter)

Revisjonstilnærming - Finansområdet

Finansområdet (res)	Finansområdet (bal)	Angrepsvinkel : Test av kontroller og substanshandlinger Status etter interim
Risiko transaksjonsklasser: • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investering i aksjer og andeler (inv) • Salg av finansielle anleggsmidler (inv) • Utlån av egne midler (inv) • Avdrag på lån (inv) • Utdeling fra selskaper (inv)	Risiko balanseposter: • Bankinnskudd og kontanter • Aksjer og andeler • Andre finansielle plasseringer • Fond • Kapitalkonto • Gjeld til kredittinstitusjoner • Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) • Utlån • Ubrukte lånemidler	Middels anslått risiko: ● Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Interimsrevisjon av finansområdet: - Rutinegjennomgang - Analyser - Minimumsavdrag - Test av kontroller – bankavstemming Handlingene rutinegjennomgang og analyse er gjennomført uten vesentlige endringer eller uforklarlige avvik. Resterende handlinger ferdigstilles i løpet av januar. Ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko

Avslutning

- ▶ Oppsummert er interimsrevisjonen gjennomført uten nevneverdige avvik eller feil.
- ▶ Avvik i analyser er godt forklart og rutinekartlegging er gjennomført med god dialog og kartlegging.
- ▶ Det er kommunisert fra administrasjonen at forberedelser til avleggelse av årsregnskap er godt i gang og at forventet levering er innenfor fristen.
- ▶ Vi har løpende dialog mellom oss og Sykkylven kommune hvor vi diskuterer aktuelle problemstillinger knyttet til avleggelse av årsregnskap og årsberetning.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 03/23	Sykkylven kontrollutval	26.01.2023

Delrapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehage Sykkylven

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalte tek første del av rapporten frå forvaltningsrevisjonen til vitande og kjem attende med si tilråding til kommunestyret når heile rapporten ligg føre.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er kjent med at arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen har tatt noko lengre tid enn forventa på grunn av uforutsett sjukefråvær hjå Møre og Romsdal revisjon SA.

På bakgrunn av dette så vert kun første del av rapporten som omhandlar dei to første problemstillingane, lagt fram til orientering i dette møtet.

Vurdering:


Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll vil i møtet gå gjennom rapporten knytt til dei to første problemstillingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om ressursbruk innan barnehageområdet i Sykkylven kommune.

Kontrollutvalet kan gjerne drøfte denne delen av forvaltningsrevisjonen no og ikkje minst stille spørsmål til revisor for å gjere seg godt kjent med den delen av rapporten som så langt er klar.

Når heile rapporten ligg føre så vil kontrollutvalet får eit meir omfattande saksframlegg med vurderingar frå sekretariatet, slik at de då kan handsame rapporten i sin heilskap. Og ha betre grunnlag for å gje tilrådingar til kommunestyret på bakgrunn av det som revisor peikar på i rapporten.

Vedlegg

Rapport del 1 - Forvaltningsrevisjon 2022 ressursbruk barnehage - Sykkylven kommune



MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORVALTNINGSREVISJON

SYKKYLVEN KOMMUNE

Del 1 av 2: Ressursbruk i barnehageområdet

JANUAR 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapporter frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på vår heimeside:

www.mrrevisjon.no

FORORD

Forord vil bli utarbeidd i endeleg rapport.

Denne førebelse rapporten med del 1 har vore til høyring i Sykkylven kommune. Det er mottatt følgande høyringssvar:

«Hei

Eg synest dette ser greitt ut, men eg kunne ha tenkt meg at eit avsnitt i innleiingskapittelet (1.1) var meir oppdatert. Nederst på side 5 står det fylgjande:

"I Sykkylven kommune er halvparten av barnehagane private, med ei nokonlunde lik fordeling også i talet på barn".

Dette gjaldt rett nok i 2020, men idag er det 3 kommunale barnehagar og 4 private. Og det går 196 barn i private barnehagar, medan det berre går 136 barn i ein kommunal barnehage (inkluderer oppstart av barn i januar).

Dette kunne vore oppdatert.

Elles greitt.

Mvh

Bjørnar Midtbust»

Vi har som følgje av dette endra avsnittet som kommunalsjefen viser til.

SAMANDRAG

Samandrag vil bli utarbeidd i endeleg rapport

INNHALD

1.	INNLEIING	5
1.1.	Bestilling og bakgrunn	5
1.2.	Problemstillingar	6
1.3.	Revisjonskriterium	6
1.4.	Metode	7
1.5.	Avgrensing	7
1.6.	Om ressursanalyse	7
1.7.	Om organisering	8
2.	RESSURSANALYSE	9
2.1.	Behov	11
2.2.	Dekningsgrad.....	12
2.3.	Produktivitet.....	14
2.4.	Oppsummering	21
3.	PROBLEMSTILLING 1: KAPASITET	22
3.1.	Revisjonskriterier.....	22
3.2.	Fakta grunnlag	22
3.3.	Vurderingar.....	23
4.	PROBLEMSTILLING 2: NORMKRAV	25
4.1.	Revisjonskriterier.....	25
4.2.	Fakta grunnlag	26
4.3.	Vurderingar.....	29
5.	KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR	30

1. INNLEIING

1.1. BESTILLING OG BAKGRUNN

Sykkylven kontrollutval vedtok i sitt møte 9. mars 2022, sak 08/22 å bestille ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon innanfor temaet ressursbruk i barnehageområdet. Kontrollutvalet vedtok i møte 25. mai 2022, sak 13/22 å bestille ein forvaltningsrevisjon i tråd med framlagt prosjektplan.

I risiko- og vesentlegvurdering vart barnehageområdet peika på som eit området der det er risiko for at kommunen kan ha utfordringar.

I saka for budsjettet for 2021 vart det vedteke ei innsparing på barnehageområdet. Budsjettet for 2020 var 62,7 mill kr, medan budsjetttramma for 2021 var på 60,3 mill kr. Vidare vart det i økonomiplanen lagt opp til ytterlegare store innsparingar framover. I dette talet låg det inne som ein føresetnad ei nedlegging av Tandstad og Vik barnehagar frå 01.02.21.

I kommunestyresak 12/21 handsama i møte 15.02.21 fremma kommunedirektøren ei sak om oppfølging av budsjettvedtaket vedkomande innsparingar på barnehageområdet og tilpassing av kapasitet. Det vart då fatta om å leggje ned Vik frå 01.08.21. Det skulle også bli vurdert om Tandstad kunne organiserast som ei underavdeling i ein anna barnehage. I tillegg bad kommunestyret om at det vart utarbeidd ei brei barnehagemelding, etter forslag frå Leonhard Vårdal.

I kommunestyresak 27/21 i møte 19.04.21 vedtok kommunestyret at: *Utifrå ei samla vurdering, der ein tek omsyn både til lovverk, økonomi og kvalitet, skal ikkje Tandstad barnehage organiserast som ei underavdeling til ein annan kommunal barnehage.*

Barnehagemelding 2021 for Sykkylven kommune vart lagt fram for kommunestyret i sak 41/21 i møte 21.06.21, der den vart tatt til vitande. I tillegg vart det gjort vedtak om at:

Administrasjonen vert oppmoda om å starte ein prosess der ein vurderer visjon, struktur, samarbeidsmodellar, høve til brukarstyring m.m. i barnehagane.

I dette vedtaket presiserer kommunestyret brukarstyring som noko som skal vektleggjast i det vidare arbeidet innan barnehageområdet.

Ressursbruken innan barnehageområdet, er avhengig av fleire forhold. Ein lovfesta rett til plass for alle barn over eit år som er busett i kommunen, sett grenser for kor låge utgiftene kan vere før ein bryt lova. Den set med andre ord ei grense for kor låg kapasiteten kan vere. I tillegg er politiske prioriteringar som struktur og opningstider også med på å forklare ressursbruken. Innan barnehageområdet er det nå også lovfesta og føreskriftsfesta krav til grunnbemanning og pedagogiske ressursar. Bruken av spesialpedagogikk er også ein viktig komponent i utgiftsbilete.

I Sykkylven kommune er det i dag 3 kommunale og 4 private barnehagar. I januar 2023 er det 196 barn i private barnehagar og 136 barn i kommunale. I årsmelding 2021 vedkomande barnehagane går det fram at:

Det er områda Barnehageadministrasjon/felles for barnehagane og Private barnehagar som står for avviket innanfor denne sektoren. Det er generelt svært vanskeleg å lage treffsikre budsjett for tilskotet til private barnehagar. Eitt enkelt småbarn utgjør langt over 200 000 kr i

driftstilskot på årsbasis. Barnetalet for andre halvår er ukjent når budsjettet vert lagt, og små endringar gir store økonomiske utslag. For 2021 var estimatet over talet på barn i dei private barnehagane for lågt. I tillegg vedtok regjeringa å auke kapitaltilskotet per barn.

Utklipp frå rekneskapen:

2.1 Oversikt DRIFT pr eining

SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO	Regnskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
		inkl.endringar	
Barnehageadm og felles for barnehagane	9 713 511	11 666 848	12 002 494
Vik barnehage	1 908 190	2 673 218	3 484 318
Tandstad barnehage	2 118 602	2 052 244	2 388 275
Blakstad naturbarnehage	4 423 052	4 230 337	4 222 392
Ullavik barnehage	6 302 983	6 555 991	6 365 654
Vikedalen barnehage	7 845 758	7 992 506	7 425 652
Private barnehagar	29 189 276	25 505 500	26 330 593

Rekneskapen viser eit vesentleg meirforbruk innan private barnehagar for 2021.

1.2. PROBLEMSTILLINGAR

Del 1 av prosjektet ser nærare på følgjande problemstillingar:

Problemstilling 1: Er kravet om barnehageplass til alle barn over 1 år oppfylt i Sykkylven kommune?

Problemstilling 2: Er ulike normkrav oppfylt i Sykkylven kommune?

I første del av rapporten vert det i tillegg presentert ei ressursanalyse. Denne gjev utfyllande bakgrunnsinformasjon til dei fire problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

(I del 2 (som ikkje er innarbeidd i denne rapporten enno) vil ein sjå nærare på

Problemstilling 3: Er tilvising og bruk av spesialpedagogikk i tråd med regelverket?

Problemstilling 4: Er krav til brukarmedverknad i tråd med regelverket?)

1.3. REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunngitt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil vi nytte følgjande hovudkjelder for å utleie revisjonskriterium.

- Barnehagelova
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar
- Rammeplan for barnehagar

Revisjonskriterium vil bli drøfta nærare under kvar problemstilling seinare i rapporten.

1.4. METODE

Forvaltningsrevisjonen er utført i tråd med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon - RSK 001, som er utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund.

Faktagrunnlaget er i all hovudsak basert på samtalar og innhenta dokument.

Når det gjeld samtaler så har dei vore med sentrale personar, men det er også gjennomført samtaler i form av e-postvekslingar.

Når det gjeld dokumenter så er dei dels henta inn ved førespurnadar og dels frå kommunen si heimeside.

Det er og henta inn statistikk frå Utdanningsdirektoratet og BASIL (innrapportering for barnehagar).

Prosjektet har hatt med revisorar som er godt kjend med Sykkylven kommune og systema som kommunen blir styrt etter. Vi har gått gjennom desse systema med dokumentasjon, og supplert med samtalane, er det vår vurdering av dette har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane.

1.5. AVGRENŚING

Føremålet med prosjektet er å gjere ein kartlegging av ressursbruken innan barnehageområdet basert på offentleg tilgjengelege kjelder. Denne delen av prosjektet vil også teke føre seg ein forvaltningsrevisjon om to problemstillingar knytt til kapasitet og normkrav i barnehagane.

Bestillinga frå kontrollutvalet omfattar også ein problemstilling knytt til spesialpedagogikk og brukarmedverknad. Desse vert presentert i ein annan rapport (del 2).

Når det gjeld struktur, so er ei vurdering av dette gjerne politisk, og i mindre grad egna som ei problemstilling for forvaltningsrevisjon. Eit prosjekt kan likevel utgreie og analysere strukturen, då gjerne samanlikna med samanliknbare kommunar. Det same gjeld for so vidt også opningstider.

1.6. OM RESSURSANALYSE

Det er eit eige kapittel med ressursanalyse. Dette er eit beskrivande kapittel. Dei tallane som blir rapportert til KOSTRA blir i mange samanhengar nytta til å gjennomføre ei ressursanalyse. Ein standardisert måte å gjennomføre slike analyser på, er å dekomponere den samla ressursbruken målt ved brutto driftsutgifter per innbyggjar i tre delkomponentar:

- Behov, målt ved ein indikator som angir talet på barn frå 1 til 5 år i forhold til talet på innbyggjarar.
- Dekningsgrad, målt ved ein indikator som angir kor mange som har barnehageplass i forhold til talet på barn frå 1 til 5 år.

- Produktivitet, målt ved utgifter per barnehageplass

Ein barnehageplass er ikkje ei fullt ut standardisert teneste. To viktige variasjonar er alder på barnet og kor mange timar i ei veke barnet er der. Det blir difor ofte nytta ein indikator for produktivitet som måler utgiftene per opphaldstime korrigert for alder.

1.7. OM ORGANISERING

Barnehageområdet er organisert under kommunalsjef Bjørnar Midtbust. Det er eigen rådgjevar i stab som følgjer opp området.

Talet på barnehagar rapportert inn til KOSTRA for 2021 var 8 for Sykkylven kommune. Dette inneber om lag 1,06 barnehagar per 1000 innbyggjar. Samla for gruppe 1 var det 1,02 barnehage per 1000 innbyggjar.

Vik barnehage vart nedlagt sommaren 2021, og på slutten av året vart det fatta vedtak om å legge ned Tandstad barnehage frå sommaren 2022.

Utdanningsdirektoratet har utgitt ein rettleiar: *Kommunens rolle som barnehagemyndighet*. Under overskrifta: *Kommunens dobbeltrolle som barnehageeier og barnehagemyndighet* står det:

Alle kommuner har rollen som barnehagemyndighet. De fleste kommunene har kommunale barnehager, noe som innebærer at de er barnehageeier. Disse kommunene har dobbeltrollen som barnehageeier og barnehagemyndighet. Kommunens dobbeltrolle kan være en balansegang for kommunen.

Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehager når den utfører oppgaver som barnehagemyndighet. Kommunen skal organisere oppgavene den har som barnehagemyndighet, adskilt fra oppgavene den har som barnehageeier når dette er egnet til å ivareta tilliten til kommunens upartiskhet som barnehagemyndighet, jf. barnehageloven § 11.

2. RESSURSANALYSE

Rekneskapen til ein kommune blir rapportert til SSB gjennom eit system kalla KOSTRA. Det er utvikla ei standardisering i høve til korleis ein rapporterer, slik at tala til ein viss grad kan bli nytta til samanlikning. Når det gjeld barnehageområdet, er rapporteringa delt inn i tre underområde. Det er *201 Barnehage*, *211 Styrket tilbud til førskolebarn* og *221 Barnehagelokaler og skyss*.

Den samla ressursbruken til eit tenesteområde blir ofte omtalt som brutto driftsutgifter. Dette er summen av løn, kjøp av tenester, overføringer og tilskott til andre og avskrivningar.


For 2021 utgjorde dette 75,5 mill kr, som var fordelt med 62,2 mill kr, 10,6 mill kr og 2,7 mill kr for høvesvis *201 Barnehage*, *211 Styrket tilbud til førskolebarn* og *221 Barnehagelokaler og skyss*.

Tilskottet til drift av ikkje-kommunale barnehagar ligg inne i desse tala under *201 Barnehage*.

Som nemnt blir tal frå KOSTRA nytta til å samanlikne kommunane med kvarandre, og dei er delt inn i ulike grupper som varierer med talet på innbyggjarar, bundne kostnader og frie disponible inntekter. Sykkylven høyrer til i gruppe 1 som er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge frie disponible inntekter per innbyggjar.

I Sykkylven var det registrert 7 558 innbyggjarar for 2021, slik at brutto driftsutgifter var 9 986 kr per innbyggjar for 2021. I gruppe 1 varierer brutto driftsutgifter mellom 6 418 kr per innbyggjar til 14 388 kr per innbyggjar.

Figur - Brutto driftsutgifter per innbyggjar, barnehageområdet, gruppe 1 (kjelde: KOSTRA 2021)



Desse tala fortel at den samla ressursbruken per innbyggjar i Sykkylven på barnehageområdet er litt lågare enn middels, samanlikna med dei andre samanliknbare kommunane. I kommunegruppe 1 har 16 av 39 kommunar ein lågare ressursbruk enn Sykkylven.

Vi har også sett opp ein tabell over dei nabokommunane som også er med i gruppe 1, som viser det same:

Tabell - Brutto driftsutgifter per innbyggjar, barnehageområdet – kommunegruppe 1 i Møre og Romsdal (kjelde KOSTRA 2021)

Stranda	Herøy	Sykkylven	Ulstein	Hareid	Giske	Sula
9 590	9 605	9 986	10 308	11 091	11 737	12 575

I kommunegruppe 1 har 16 av 39 kommunar ein lågare ressursbruk enn Sykkylven.

I tabellen under har vi satt opp ei oversikt over brutto driftsutgifter per innbyggjar, fordelt ut over dei tre underområda:

Tabell - Brutto driftsutgifter per innbyggjar, fordelt på Kostrafunksjonar i barnehageområdet – kommunegruppe 1

		BDU		201 Barnehage		211 Styrket tilbud til førskolebarn		221 Barnehage- lokaler og skyss
1	Grue	6 418	Grue	5 427	Averøy	24	Herøy	168
2	Åsnes	6 857	Åsnes	6 153	Sør-Odal	112	Giske	201
3	Nord-Odal	7 036	Nord-Odal	6 190	Surnadal	199	Ulstein	217
4	Risør	7 454	Risør	6 534	Løten	314	Marker	264
5	Gausdal	8 151	Gausdal	6 936	Nord-Odal	316	Sveio	273
6	Averøy	8 198	Nordre Land	7 216	Nordre Land	322	Råde	318
7	Marker	8 316	Marker	7 533	Åsnes	322	Farsund	322
8	Nordre Land	8 435	Averøy	7 769	Midtre Gauldal	383	Sykkylven	360
9	Rakkestad	8 897	Rakkestad	7 781	Grue	481	Risør	375
10	Sør-Odal	8 910	Tvedestrand	7 784	Inderøy	486	Åsnes	381
11	Tvedestrand	9 236	Sykkylven	8 229	Marker	518	Froland	400
12	Stranda	9 590	Sør-Odal	8 263	Risør	545	Averøy	405
13	Herøy	9 605	Herøy	8 273	Stranda	561	Hareid	406
14	Løten	9 624	Stranda	8 594	Ulstein	572	Rauma	434
15	Råde	9 759	Løten	8 665	Rakkestad	583	Stranda	435
16	Farsund	9 927	Farsund	8 667	Gjerdrum	588	Sula	486
17	Sykkylven	9 986	Lunner	8 734	Gjerdrum	614	Gausdal	509
18	Lunner	10 294	Sørreisa	8 810	Våler	643	Grue	511
19	Ulstein	10 308	Råde	8 854	Gausdal	706	Birkenes	521
20	Vindafjord	10 493	Vindafjord	9 033	Stryn	715	Nord-Odal	530
21	Surnadal	10 585	Rauma	9 038	Osterøy	728	Rakkestad	534
22	Rauma	10 603	Gjerdrum	9 241	Froland	736	Sør-Odal	536
23	Gjerdrum	10 640	Hole	9 246	Jevnaker	769	Tvedestrand	581
24	Jevnaker	10 702	Jevnaker	9 247	Lunner	773	Stryn	620
25	Stryn	10 848	Stryn	9 513	Vindafjord	780	Løten	645
26	Hole	11 000	Ulstein	9 519	Hole	797	Vindafjord	680
27	Hareid	11 091	Surnadal	9 588	Tvedestrand	871	Jevnaker	686
28	Inderøy	11 226	Osterøy	9 769	Hareid	898	Våler	707
29	Osterøy	11 244	Hareid	9 788	Farsund	938	Osterøy	748
30	Sørreisa	11 345	Inderøy	9 881	Rauma	1 131	Gjerdrum	786
31	Midtre Gauldal	11 533	Skiptvet	9 900	Giske	1 152	Lunner	787
32	Giske	11 737	Midtre Gauldal	10 257	Skiptvet	1 158	Surnadal	798
33	Våler	11 859	Giske	10 384	Herøy	1 165	Inderøy	859
34	Skiptvet	12 150	Våler	10 509	Sula	1 177	Midtre Gauldal	892
35	Sveio	12 325	Sveio	10 512	Skaun	1 182	Nordre Land	898
36	Froland	12 397	Birkenes	10 804	Birkenes	1 221	Hole	957

37	Birkenes	12 547	Sula	10 912	Sørreisa	1 386	Skiptvet	1 092
38	Sula	12 575	Froland	11 261	Sykkylven	1 397	Sørreisa	1 149
39	Skaun	14 388	Skaun	11 933	Sveio	1 541	Skaun	1 273

Her går det fram at kommunen at det er område 211 Styrka tilbud til førskulebarn som trekk den samla ressursbruken opp. Frå KOSTRA-rettleiaren går det fram at dette området inneheld:

Tilbud til funksjonshemmede (inkl. skyss, der dette er en del av tilretteleggingen av tilbudet til barnet), spesialtilbud (inkl. PPT), særskilt språkstimulering eller minoritetsspråklige barn, materiell anskaffet til enkeltbarn eller grupper. Utgifter og inntekter som gjelder styrket tilbud for barn i mottaksbarnehage for asylsøkere/flyktninger. Funksjonen omfatter også barn som mottar tiltak, men som ikke har plass i barnehage

2.1. BEHOV

Når det gjeld tal på barn i barnehagealder viser tabellen under det har vore ein reduksjon i perioden 2017-2021.


Tabell - Utvikling i talet på barn 1-5 år i perioden 2017 til 2021

	2017	2018	2019	2020	2021
I alt	7 695	7 657	7 625	7 596	7 558
1-5 år	438	400	385	374	339
	5,7	5,2	5,0	4,9	4,5

Kjelde: KOSTRA 2021


Dersom ein ser på tal på barn per 100 innbyggjarar i kommunegruppe 1, kan ein vurdere dette opp mot tidlegare figur med brutto driftsutgifter per innbyggjar. Frå figuren under kan det då sjå ut til at behovet for barnehageplassar ser ut til å vere noko lågare enn tabellen med utgifter kanskje skulle tilseie:

Figur - Tal på barn 1-5 år per 100 innbyggjarar (Kjelde KOSTRA 2021)



Vi har også framstilt eit diagram over endringar i talet på barn frå 1 til 5 år:

Figur - %-vis endring i talet på barn 1-5 år frå 2020 til 2021



Kjelde: KOSTRA 2021

Figuren over viser at Sykkylven har hatt den største prosentvise reduksjonen i tal på barn frå 2020 til 2021 av kommunane i kommunegruppe 1.

2.2. DEKNINGSGRAD

Sykkylven kommune hadde i 2021 i alt 322 barn i barnehagar. Av desse var 142 i kommunale barnehagar og 180 i private.


Tabell - Barn i private og kommunale barnehagar

	Alle eigartilhøve	Kommune	Privat
Barn i barnehage	322	142	180
Innbyggjarar 1-5 år	339	339	339
Dekningsgrad	95,0	41,9	53,1
Dekningsgrad gruppe 1	93,1	52,5	42,1

Kjelde: KOSTRA 2021


Dekningsgraden var 95 prosent i Sykkylven kommune. Vi ser av figuren under at dekningsgraden kommunegruppe 1 varierer frå rundt 85 til 98 prosent, og at Sykkylven ligg i øvre halvdel av dette.

Figur - Dekningsgrad, gruppe 1 (Kjelde KOSTRA 2021)



Figuren under viser vidare at Sykkylven ligg i øvre halvdel når det gjeld dekning private plasser.

Figur - Dekningsgrad private, gruppe 1 (Kjelde KOSTRA 2021)



Tabellen under viser fordelinga av barn på barnehagane i kommunen pr 01.02.22:

Tabell - Fordeling av barnehagebarn


	2020	2021
Ikorntnes FUS	72	68
Vikedalen	58	57
Krikane	50	57
Ullavik	50	51
Tryggheim	32	33
Blakstad	28	27
Velledalen	33	25
Tandstad	12	9
Vik	25	Nedlagt
SUM	360	327

Kjelde: Statusrapport barnehage 01.02.2022.pptx

2.3. PRODUKTIVITET

Når det gjeld produktivitet er det ofte fleire indikatorar som blir nytta for å gi eit bilete over situasjonen. Både *Brutto driftsutgifter per barn i barnehage* og *Netto driftsutgifter per barn i barnehage*, blir nytta. Vi skal sjå på desse, og til slutt vil vi sjå på ein indikator som tek utgangspunkt i opphaldstimar

Figur - Brutto driftsutgifter per barn i barnehage (kjelde KOSTRA 2021)




Figuren over viser Sykkylven var i øvre halvdel i kommunegruppe 1 når det gjeld brutto driftsutgifter per barn som er i barnehage. Dersom ein set opp ein tabell over kommunane i Møre og Romsdal i kommunegruppe 1, viser den at Sykkylven hadde høgaste brutto driftsutgifter per barn i barnehage av desse:

Tabell - Brutto driftsutgifter per barn i barnehage – kommunegruppe 1 i Møre og Romsdal (kjelde KOSTRA 2021)

Giske	Ulstein	Herøy	Hareid	Sula	Stranda	Sykkylven
185 482	194 717	197 171	199 477	202 449	221 953	234 401

Det kan og vere interessant å sjå korleis inntektene fordeler seg. For det første er hovudkjelda for inntekter til barnehagane den kommunale eigenfinansieringa:


Figur – Kommunal eigenfinansiering i % av inntektene (kjelde KOSTRA 2021)



Ein ser at Sykkylven er i øvre halvdel i kommunegruppe når det gjeld del av inntekta som er kommunal eigenfinansiering. I 2021 var den kommunale eigenfinansiering ifølgje KOSTRA 39,1 mill. kroner.

Ei anna inntektskjelde er foreldrebetalingar:

Figur – Foreldrebetaling i % av inntektene (kjelde KOSTRA 2021)



Her ser ein at det er ein mindre del av inntektene som kjem frå foreldrebetaling sett i høve til andre kommunar i kommunegruppe 1. I 2021 var brukarbetalinga ifølgje KOSTRA 4,6 mill. kroner.


I tillegg går det fram av KOSTRA at det vart gitt 1,5 mill. kroner i refusjon frå staten i 2021.

Når det gjeld foreldrebetaling så ligg Sykkylven på ein sentralt styrt makspris. Det er utarbeid eit informativt oppsett på reglane for foreldrebetaling på kommunen sine heimesider under linken

<https://www.sykkylven.kommune.no/tenester/barnehage/prisar-og-betaling/>

Ved å ta vekk inntektene vil ein få ein indikator over netto driftsutgifter per innbyggjar. I diagrammet nedafor har vi framstilt desse for gruppe 1.

Figur – Netto driftsutgifter per barn i barnehage (kjelde KOSTRA 2021)



Figuren over viser Sykkylven også var i øvre halvdel i kommunegruppe 1 når det gjeld netto driftsutgifter per barn som er i barnehage. Dersom ein set opp ein tabell over kommunane i Møre og Romsdal i kommunegruppe 1, viser den at Sykkylven også hadde høgaste netto driftsutgifter per barn i barnehage av desse:

Tabell - Netto driftsutgifter per barn i barnehage – kommunegruppe 1 i Møre og Romsdal (kjelde KOSTRA 2021)

Giske	Sula	Hareid	Ulstein	Herøy	Stranda	Sykkylven
173 912	176 880	179 670	181 640	181 899	198 140	210 419


STRUKTUR

I Årsmelding einingane 2021 gjekk det fram:

Talet på barnehagebarn har gått kraftig ned dei siste åra. Som følge av dette vert det stilt krav om økonomiske innsparingar på barnehageområdet. Hovudutfordringa har vore å tilpasse kapasiteten etter behovet. Vik barnehage vart nedlagt sommaren 2021, og på slutten av året vart det fatta vedtak om å legge ned Tandstad barnehage frå sommaren 2022. Den siste tida er det varsla tilflytting av fleire småbarnsfamiliar til kommunen, og mykje tyder på at barnetalet vil halde seg oppe komande barnehageår. Det er positivt.

Talet på barnehagar rapportert inn til KOSTRA for 2021 var 8 for Sykkylven kommune. Dette inneber om lag 1,06 barnehagar per 1000 innbyggjar. Samla for gruppe 1 var det 1,02 barnehage per 1000 innbyggjar.

Figur – Talet på barnehagar per 1000 innbyggjarar (kjelde KOSTRA 2021)



Med 7 barnehagar blir indikatoren om lag 0,93 for 2022. Dersom det ikkje er endringar i andre kommunar, så vil då tal på barnehagar per 1000 innbyggjarar vere på nedre halvdel i kommunegruppe 1. Ein kan kanskje seie at ei plassering på nedre halvdel kan tilseie at det ikkje då er strukturen som eventuelt gir høge utgifter.


OPNINGSTIDER

I KOSTRA blir det rapportert på fire opphaldskategoriar basert på talet per veke. Dette er kategoriene:

- 0-8 timer
- 9-16 timer
- 17-24 timer
- 25-32 timer
- 33-40 timer
- 41 timer eller meir

I gruppe 1, er der ingen barn i kategoriene 0-8 timer og 9-16 timer. I Sykkylven for 2021 ligg alle i kategorien 41 timer eller meir. Vi har framstilt eit diagram nedanfor som angir dekningsgraden for alle kategoriene som er 40 timer eller mindre.

Figur - Andel med 40 timar eller mindre, gruppe 1 (kjelde KOSTRA 2021)



Dette diagrammet viser at det berre er Sykkylven og Gjerdrum i gruppe 1 der alle er i kategorien 41 timar eller meir.



OPPHALDSTIMER

I analyser av produktivitet innan barnehageområdet blir det gjerne nytta såkalla korrigerte opphaldstider. Dette er eit tall der barn 0-2 år blir vekta med 2, medan talet på barn 3-6 år blir vekta med 1. Vidare blir opphaldstid 0-8 timar vekta med 6 timer, 9-16 timer vekta med 13 timer, 17-24 timer vekta med 21 timer, 25-32 timer vekta med 29 timer, 33-40 timer vekta med 37 timer og 41 timer eller meir vekta med 45 timer. Dette blir så multiplisert opp med 48 veker.

Korrigerte brutto driftsutgifter blir nytta for å vise kommunane sine eigne utgifter til den tenesteproduksjonen kommunen sjølv utfører i eigen regi og utan at ein tek med utgiftene som eksterne tenesteleverandørar har, til dømes private barnehagar.

Korrigerte brutto driftsutgifter per korrigert opphaldstime ei ein indikatorar som blir nytta for å gi eit bilete av kor kostnadseffektiv ein kommune er på barnehageområdet. Det er særleg to indikatorar basert på opphaldstimar som blir nytta. Den eine er for barnehageområdet i alt og den andre er basert på utgiftene når ein tekk vekk utgiftene til det styrka tilbodet, lokar og skyss.

Vi har framstilt disse to indikatorane i to diagram nedanfor:



Sjølvs om vi tek ut utgifter til styrka tilbod, lokale og skyss, samt korrigerer for variasjon i opningstider, så ligg Sykkylven relativt høgare i diagrammet knytt til produktivitet enn det den samla ressursbruken skulle tilseie.

2.4. OPPSUMERING

Sykkylven kommune hadde i 2021 ein ressursbruk per innbyggjar til barnehageområdet som låg litt under midten i gruppe 1. Det var særleg utgifter til det styrka tilbodet som drog opp. Når det gjeld ordinær barnehagedrift så låg ressursbruken noko lågare, berre 10 av 39 kommunar i gruppe 1 hadde ein lågare ressursbruk per innbyggjar.

Når det gjeld behov for barnehageplass, så er det raskt synkande i Sykkylven kommune, og for 2021 var det berre 9 av 39 kommunar i gruppe 1 som hadde eit lågare behov.

Når det gjeld dekningsgrad så låg Sykkylven høgt, då berre 11 kommunar i gruppe 1 hadde ein høgare dekningsgrad enn Sykkylven.

Når det gjeld produktivitet/kostnadseffektivitet, så låg Sykkylven noko høgare enn det ressursbruken skulle tilseie. I kommunegruppe 1 hadde 16 av 39 kommunar ein lågare ressursbruk enn Sykkylven, medan 26 kommunar av 39 hadde ein betre kostnadseffektivitet sjølv når vi tek ut utgifter til styrka tilbod, lokale og skyss.

3. PROBLEMSTILLING 1: KAPASITET

Problemstilling 1: Er kravet om barnehageplass til alle barn over 1 år oppfylt i Sykkylven kommune?

3.1. REVISJONSKRITERIER

Kriteriet i denne problemstillinga følger direkte av barnehagelova § 16 om rett til plass i barnehage som angir:

- *Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*
- *Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.*
- *Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

3.2. FAKTAGRUNNLAG

Vi har fått sendt over følgjande notat frå kommunen:

«Resultat etter hovudopptak i barnehagane 2022

Søknadsfristen gjekk ut 1. februar og opptaket vart gjennomført 04.02.2022 i møte mellom styrarar og rådgjevar barnehage.

Søknadstal:

Det kom inn i alt 72 søknadar. Av desse var det 63 «nye» barn, medan 9 hadde plass i barnehage frå før og ønska overføring til ein annan barnehage (inkludert dei 4 barna frå Tandstad bhg som skal leggest ned).

63 søknadar for «nye» barn er 10 fleire enn ved hovudopptaket i 2021. Søknadane fordelte seg slik (gjeld 1. prioriteringar):

	Søknadar «nye» barn	Søknadar overføring
Ikorntnes FUS	15	4
Tryggheim	13	2
Ullavik	10	1
Krikane	8	0
Velledalen	6	2
Vikedalen	7	0
Blakstad	4	0
SUM H.OPPTAK 2022	63	9
Sum h.opptak 2021	53	9
Sum h.opptak 2020	63	2
Sum h.opptak 2019	57	6

Tal på innfridde ønsker:

Foreldre/føresette kan søkje plass ved fleire barnehagar i prioritert rekkefølge. Talet på innfridde ønsker fordeler seg slik:

	Tal barn	Merknad
1. prioritet	57	
2. prioritet	10	
3. prioritet	2	
Ikkje tilbod	2	Gjeld to barn utan lovfesta rett til plass pga lav alder. Dei vil få tilbod der det er ledig kapasitet etter hovudopptaket.
Avvente tilbod	1	Pga ønska oppstart først i 2023

Det var Tryggheim barnehage som måtte avvise klart flest 1. prioritatar. Av dei 15 som ikkje fekk innfridd sin 1. prioritet var det 10 som ønska plass ved Tryggheim. Ein stor del av dei som ikkje fekk innvilga sitt hovudønske gjaldt storbarn. (Kommunen mottok ingen klager i etterkant av hovudopptaket).

Ledige plassar etter hovudopptaket:

Dersom alle takkar «ja» til den plassen som vert tilbydd ser det ut til at både Tryggheim, Ikornnes FUS, Ullavik og Vikedalen vil fylle opp alle ledige plassar. Ved Krikane, Velledalen og Blakstad ligg det an til ledig kapasitet.»

Barnehagane hadde venteliste per 01.07.2022. Det var 24 barn (18 småbarn og 6 storbarn) som stod på venteliste. Det var berre Velledalen naturbarnehage og Blakstad naturbarnehage som hadde ledig kapasitet.

Av dei 24 barna på venteliste var det 16 som allereie hadde plass i barnehage, men som ønskte ein høgare prioritert barnehage. Av dei 24 barna på venteliste var det 14 som hadde Tryggheim på 1. prioritet. 4 av barna på venteliste ønskte ikkje oppstart før i 2023

Blant dei på venteliste som framleis stod utan barnehagetilbod (8 barn), var det ingen som søkte innan fristen for hovudopptaket. Dei har såleis ingen lovfesta rett til plass. I tillegg hadde dei fleste av desse i sine søknader berre sett opp ein eller to barnehagar som aktuelle.

På nettsida til Sykkylven kommune (2022) ligg det ein oversikt over ledige barnehageplassar. Per 03.10.22 har Blakstad naturbarnehage ein ledig plass for barn under 3 år, og Ikornnes FUS barnehage har ein ledig plass over 3 år.

3.3. VURDERINGAR

Det materialet vi har sett på og den utgreiinga som vart sendt over til oss dokumenterer at Sykkylven kommune etter vår vurdering oppfyller kravet om barnehageplass til alle barn over 1 år. Pr. 01.07.22 var det ledig kapasitet ved Blakstad naturbarnehage og Velledalen naturbarnehage.

Det var 24 barn som står på venteliste til barnehageplass. Av dei 24 barna på venteliste var det 16 som allereie har plass i barnehage, men som ønskte ein høgare prioritert barnehage.

Det vert oppdatert ledige plassar på heimesida til kommunen.

I følgje oversendt dokumentasjon har barna fått innvilga plass i den kommunen dei er busett. Vår vurdering er at Sykkylven kommune oppfyller revisjonskriteria i denne problemstillinga.

4. PROBLEMSTILLING 2: NORMKRAV

Problemstilling 2: Er ulike normkrav oppfylt i Sykkylven kommune?

4.1. REVISJONSKRITERIER

Barnehagelova § 25 om pedagogisk bemanning gir krav til pedagogiske leiarar i barnehagane og gir heimel til Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager som i § 1 om *Norm for pedagogisk bemanning* angir at:

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal ha minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.

Pedagognorma er dermed: *én pedagogisk leder per 7 barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år.*

Barnehagelova § 26 om grunnbemanning angir at:

Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

Kommunen kan gi dispensasjon fra kravet til grunnbemanning i andre ledd første punktum for inntil ett år av gangen når særlige hensyn tilsier det. Barnehageeieren skal legge uttalelse fra barnehagens samarbeidsutvalg ved søknaden.

Kommunens vedtak etter tredje ledd kan påklages til statsforvalteren.

Bemanningsnorma er dermed: *én ansatt per 3 barn under tre år og én ansatt per 6 barn over tre år.*

4.2. FAKTAGRUNNLAG

BASIL – INNRAPPORTERING FOR BARNEHAGAR

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk over alle barnehagane og oppfylting av kravet om pedagognorm på nettsida deira¹. Nedanfor har vi framstilt tala for Sykkylven kommune.

Tabell: Pedagognormen

Barnehage	Antall barnehager	Oppfyller pedagognormen	Oppfyller ikke pedagognormen	Oppfyller pedagognormen med dispensasjon
Blakstad naturbarnehage	1	1	0	0
Ikorntnes	1	1	0	0
Krikane	1	0	0	1
Tryggheim barnehage	1	0	0	1
Tandstad	1	1	0	0
Ullavik	1	1	0	0
Velledalen naturbarnehage	1	0	0	1
Vikedalen	1	1	0	0
Totalt	8	5	0	3

Tabellen over viser at 5 barnehagar tilfredsstillar pedagognorma utan dispensasjon, medan 3 gjer det med dispensasjon.

Utdanningsdirektoratet publiserer også statistikk over fordelinga av tal på barn etter alder på denne nettsida. Nedanfor har vi framstilt ein tabell som har utgangspunkt i denne publiseringa²:

Tabell: Antal barn i barnehagane - alder

Barnehage	0-2 år	3-5 år	Alle	Alle (Justert)	Krav til årsverk
Blakstad naturbarnehage	12	15	27	39	6,5
Ikorntnes	24	44	68	92	15,3
Krikane	21	36	57	78	13,0
Tryggheim	13	20	33	46	7,7
Tandstad	2	7	9	11	1,8
Ullavik	15	36	51	66	11,0
Velledalen naturbarnehage	6	19	25	31	5,2
Vikedalen	20	37	57	77	12,8
Totalt	113	214	327	440	73,3

¹ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/pedagognormen/>

² <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/antall-barn-bhg-alder/>

Utdanningsdirektoratet publiserer også statistikk over årsverka i barnehagen³:

Tabell: Antal årsverk i barnehagen - stilling

Barnehage	Styrere	Pedagogiske ledere	Annen grunnbemanning	Grunnbemanning
Blakstad naturbarnehage	0,6	3,0	4,2	7,2
Ikornnes	1,0	7,8	8,0	15,8
Krikane	1,0	6,0	7,1	13,1
Tryggheim	0,7	4,0	3,7	7,7
Tandstad	0,6	1,2	1,9	3,1
Ullavik	1,0	5,0	6,0	11,0
Velledalen naturbarnehage	0,8	3,2	3,9	7,1
Vikedalen	1,0	6,0	7,0	13,0
Totalt	6,7	36,2	41,8	78,0

Med utgangspunkt i disse tala kan vi rekna ut tal på barn per tilsett⁴:

Tabell: Antal barn per tilsett

Barnehage	Talet på barn (Justert) per tilsett
Krikane	6,0
Tryggheim	6,0
Ullavik	6,0
Vikedalen	5,9
Ikornnes	5,8
Blakstad naturbarnehage	5,4
Velledalen naturbarnehage	4,3
Tandstad	3,5
	5,6

Om ein justerer talet på barn med å vekte dei under 3 år med 2, så er det 440 barn i barnehage, som med 78 årsverk gir 5,6 barn per tilsett for Sykkylven kommune samla.

³ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/antall-arsverk-bhg-stilling/>

⁴ <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/antall-barn-per-ansatt/>

Tre barnehagar; Krikane, Tryggheim og Ullavik ligg på norma, medan to; Vikedalen og Ikornnes ligg like under. Dei to barnehagane Velledalen og Tandstad ligg ein del under, der sistnemnde no er lagt ned og førstnemnde er privat.

Under knappen Om statistikken, i denne web publiseringa står det:

Tabellen viser antall barn per årsverk til grunnbemanningen. Grunnbemanningen er de ansatte i barnehagen som jobber direkte med hele barnegruppen. Det er stillingskategoriene pedagogisk leder og annen grunnbemanning som utgjør grunnbemanningen.

Barnehagen skal ha minst én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år (trådte i kraft 1. august 2019). Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år (Barnehageloven § 26).

Barn vektes ut fra alder og oppholdstid. Barn under tre år teller dobbelt i denne utregningen. Det vil si at tallet som er oppgitt her er antall barn per ansatt som om alle barna var store. Det gjør at tallet er sammenlignbart for barnehager med ulike alderssammensetning. Det er også tatt hensyn til barnas avtalte oppholdstid i barnehagen.

Statistikken for barn per ansatt viser kun tall for ordinære barnehager. Det betyr at familiebarnehager og åpne barnehager ikke er inkludert.

Tallene viser status per 15. desember. Årlig publiseringstidspunkt er medio februar.

INTERN DOKUMENTASJON

Tabell: Bemanning, talet på barn per voksen (småbarn tel dobbelt)

	2020	2021
Vikedalen	6,00	5,92
Ullavik	5,82	6,00
Blakstad	5,14	5,42
Tandstad	3,25	3,55
Ikornnes FUS	6,00	5,82
Krikane	6,00	5,95
Tryggheim	6,00	6,00
Velledalen	5,12	4,34

Kjelde: Statusrapport barnehage 01.02.2022.pptx

§ 2.Midlertidig dispensasjon fra norm for pedagogisk bemanning.

Kommunen kan innvilge dispensasjon frå norm for pedagogisk bemanning for inntil eitt år om gangen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søker om dispensasjon.

Barnehageeigar skal leggje ved uttale frå barnehagen sitt samarbeidsutval i søknaden. Vi fekk sendt over følgjande notat frå Sykkylven kommune:

DISPENSASJONER FRÅ UTDANNINGSKRAVET PER 01.07.2022:

Tandstad barnehage (kommunal):

10% stilling i perioden 09.08.2021-01.04.2022, deretter auka til 90% stilling i perioden 01.04.2022-31.07.2022.

Tryggheim barnehage (privat):

20% stilling i perioden 09.08.2021-15.07.2022

Krikane barnehage (privat):

70% stilling i perioden 01.10.2021-31.07.2022

Velledalen naturbarnehage (privat):

40% stilling i perioden 18.10.2021-08.07.2022

4.3. VURDERINGAR

I denne problemstillinga har vi sett på om normkrav er oppfylt for tilsette i barnehagane i Sykkylven kommune.

Pedagognorma for barnehagane er ein pedagogisk leder per 7 barn under tre år og ein pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Bemanningsnorma er ein tilsett per 3 barn under tre år og ein tilsett per 6 barn over tre år.

Informasjon vi har samla inn, viser at om ein justerer talet på barn med å vekte dei under 3 år med 2, så er det 440 barn i barnehagane. Med 78 årsverk gir dette 5,6 barn per tilsett for Sykkylven kommune samla.

Kommunen kan innvilge dispensasjon frå norm for pedagogisk bemanning for inntil eitt år om gangen dersom særlege omsyn tilseier det og barnehageeigar søker om dispensasjon. Barnehageeigar skal legge ved uttale frå barnehagens samarbeidsutval i søknaden. Notat vi har fått oversendt frå Sykkylven kommune, viser at det er innvilga dispensasjon frå utdanningskravet på fire barnehagar i kommunen. Desse var gyldig til juli 2022.

Vår vurdering er at det datamaterialet vi har lagt til grunn i rapporten, viser at Sykkylven kommune oppfyller krava når det kjem til pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane.

5. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

Dette kapitlet blir stilt ferdig i endeleg rapport.

REFERANSAR

Regjeringen (2021). Rettleiar om kommunelovens internkontrollbestemmelser. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/internkontroll-i-kommunesektoren/id2876831/?ch=1>

Sykkylven kommune (2022). «Ledige barnehageplassar». Henta frå: [Ledige barnehageplassar - Sykkylven kommune](#)

Udir (2017). Rettleiar om spesialpedagogisk hjelp. Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/>

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/23	Sykkylven kontrollutval	26.01.2023

Årsmelding 2022 for Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval vedtek Årsmelding 2022 Sykkylven kontrollutval slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen på vegne av kommunestyret.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursar som er naudsynte for å gjennomføre pålagde kontrolloppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal gjennomføre forvaltningsrevisjo og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2022 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål.

Årsmeldinga er utvalet sin rapport på arbeidet gjennom 2022 og kontrollutvalssekretæren oppmodar utvalet til å kome med innspel i møtet til det utkastet til årsmelding som ligg ved.

Årsmelding 2022 Sykkylven kontrollutval vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Vedlegg

Årsmelding 2022 Sykkylven kontrollutval

Årsmelding 2022- Sykkylven kontrollutval


Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve

Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen.

For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.



Sykkylven kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

Medlemmer:

- Leonhard Vårdal – leiar
- Petter Hole-Drabløs – nestleiar
- Grethe Melseth
- Kjellaug Roald
- Målfinn Aanning

Varamedlemmer (for Vårdal, Melseth og Aanning):

1. Roar Watters
2. Stig Ålgårdstad
3. Hanna Petersson
4. Laila Brunstad-Kvaløy

Varamedlemmer (for Hole-Drabløs og Roald)

1. Leif Inge Grebstad
2. Per Gunnar Holmberg
3. Anita Søyvik
4. Hildur Lillevik
5. Stian Hellebostad

Om revisjonen


Sykkylven kommunestyre har valt eigenrevisjon som revisjonsordning og Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor både for Sykkylven kommune. Revisjonsselskapet peikar sjølv ut kven av sine tilsette som skal vere oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg for den enkelte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet slik lov og forskrift tilseier.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov og forskrift. Av andre oppgåver så skal revisjonen mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Kommunestyret har ved oppstart av perioden vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på ei risiko og vesentlegvurdering. Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert utført etter bestilling frå kontrollutvalet, med bakgrunn i den vedtekne planen og ut frå kontrollutvalet si eiga vurdering.

Oppdragsansvarleg revisorar har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende, både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.



Om sekretariatstenesta

Sykkylven kommunestyre som medeigar av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, har vedteke å nytte dette selskapet som sitt kontrollutvalsekretariat. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er den viktigaste hjelparen til kontrollutvalet og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at både sekretariat og revisjon kan vere ein fagleg ressurs og ein fagleg diskusjonspartnar. Sekretariatet skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet vert forsvarleg førebudde og utgreidde og at vedtak vert fylgt opp.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet som er eit offentleg organ, og ha eit arkiv som tilfredsstiller krav i arkivlova med forskrifter.

Sekretariatet førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisjon er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegen av kommunestyret.

Kontrollutvalet sin aktivitet i 2022:

Sykkylven kontrollutval har i 2022 (tal for 2021 i parentes) hatt 5 (5) møter. Alle møta er dette året haldne som ordinære, fysiske møter.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har dette året blitt sendt til medlemmane, ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta vert lagt ut på kontrollutvalsekretariatet si heimeside www.kontrollutval.no/sykkylven og er der tilgjengeleg for alle, med mindre der er saker eller dokument som med heimel i lov er skjerma. I år har der ikkje vore skjerma dokument/saker.

Datoane for kontrollutvalet sine møter ligg tilgjengeleg i kommunen sin ordinære møtekalendar for folkevalde organ, og vi arbeider for at det kjem ei lenkje frå møtedatoen der og direkte inn til sakspapira på sekretariatet si heimeside. Det vil gjere kontrollutvalet sitt arbeid endå meir tilgjengeleg og kjent for innbyggjarar, folkevalde og administrasjon.

Sykkylven kontrollutval har i 2022 handsama 27 (22) saker. Møteprotokollen frå møta vert oversendt som fortløpande rapportering til kommunestyret.

Leiar i kontrollutvalet har sete i kommunestyret. Når det er noko kontrollutvalet særskilt ynskjer å gjere kommunestyret merksam på, har leiar gjerne løfta det fram i kommunestyremøtet.

Dei sakene der kontrollutvalet etter lov og forskrift skal kome med tilråding til kommunestyret, har vorte oversendt som eiga sak i tillegg til protokollen.

Økonomi og rekneskapsrevisjon:

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Ved behov så har kontrollutvalet fått statusorientering på den økonomiske stoda, ved økonomisjef på vegne av kommunedirektør.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna knytt til oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontrollar som er gjennomført, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er som oftast til stades i alle møta i kontrollutvalet og slik gjer ei det lett i ta vare på ein god dialog.

Revisor har etter forenkla etterlevingskontroll med gjelds- og finansforvaltninga gjort kontrollutvalet merksam på at kommunen hadde ein praksis som ikkje var forankra i lovverket fordi finansreglementet ikkje var oppdatert. Dette vart fort tatt tak i av administrasjonen og revisor har rapportert tilbake til kontrollutvalet på at det er utført.



Kontrollutvalet gav sin uttale knytt til kommunen sitt årsrekneskap for 2021. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding frå kommunedirektør og revisjonsmelding får revisor.

Kontrollutvalet tilrådde at årsrekneskapen vart godkjent.

Kontrollutvalet gjorde kommunestyret merksam på at rekneskapen og årsmelding ikkje var levert innan dei fristane kommunelova set. Kontrollutvalet tilrådde at kommunestyret minna administrasjonen på å evaluere prosessen rundt rekneskapsavslutninga og årsmeldinga med sikte på at fristane for 2022 vart haldne.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding har kommunestyret vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. I tråd med denne bestilte kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan barnehageområdet. Rapport frå denne er forventa klar tidleg på våren 2023 og kontrollutvalet vil då handsame den og gje si tilråding til kommunestyret før sommaren.

Når det gjeld den førre forvaltningsrevisjon på offentlege innkjøp og anskaffingar så fekk kontrollutvalet ein gjennomgang av kommunedirektøren/administrasjonen si oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til den. Kontrollutvalet sa seg nøgd med oppfølginga.

Andre saker:

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjere kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som Sivilombudet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til avsendar om det.

Når kontrollutvalet mottok ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Som hjelp i ei slik vurdering kan kontrollutvalet ta i bruk ein trafikklysmodeell knytt til sentrale spørsmål.

(illustrasjon frå FKT/Deloitte)

Sentrale spørsmål	Ja	Delvis	Nei
• Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?			
• Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?			
• Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?			
• Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			
• Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?			
• Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?			
• Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?			
• Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?			
• Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?			
• Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?			

Fagleg utvikling i kontrollarbeidet:

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet bør tileigne seg kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følgje med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og oppdatering.

Det er primært to organisasjonar som arrangerer faglege samlingar og bidreg til kompetansepåfyll for kontrollutvala og for sekretariatet. Det er Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF - kontroll og revisjon (tidlegare Norges kommunerevisorforbund)

Kontrollutvalet har lagt inn i si budsjetttramme for 2023 midlar til abonnement og medlemskap i desse organisasjonane, samt midlar til å delta på årleg fagkonferanse eller tilsvarande.

8. og 9. juni 2022 deltok fire frå kontrollutvalet i Sykkylven på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval, denne gongen på Kløfta. Deltakarane gav uttrykk for eit godt fagleg utbytte. Det er viktig å møte andre som er opptatt av kontrollarbeid i kommunane.

Takk

Sykkylven kontrollutval takkar kommunestyret for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Sykkylven 26.01.2023

Leonhard Vårdal (leiar), Petter Hole-Drabløs (nestleiar), Grethe Melseth, Kjellaug Roald, Målfinn Aanning.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 05/23	Sykkylven kontrollutval	26.01.2023

Møteplan for 2023 - Sykkylven kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Sykkylven kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 26. januar
- 16. mars
- 25. mai
- 7. september
- 30. november

Møta vert haldne på Sykkylven rådhus, formannskapssalen, om ikkje anna vert presisert i innkallinga til det aktuelle møtet. Møtetidspunkt er kl. 14.00

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i kommunelova §11 så er det kontrollutvalet sitt eige reglement som legg grunnlaget for denne saka.

Nokre punkt frå kommunelova og reglementet:

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møter er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Kontrollutvalet gjennomfører møte etter fastsett møteplan
- Utover dette kan ein gjennomføre møte i folkevalde organ om:
 - Organet sjølv eller kommunestyret vedtar det
 - Leiar av organet meiner at det er naudsynt
 - Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem i eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, om ein ikkje har gyldig forfall. Jf kommunelova § 8-1.

Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem kan kallast inn. Det er sekretariatet som kallar inn varamedlem.

Vurdering:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll.

Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at utvalet har eit minimum av møte. For Sykkylven kontrollutval vert det planlagt og er budsjetttert med 5 møter gjennom året.

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, går det for lang tid kan sakene som kjem opp miste sin aktualitet.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta, spesielt med tanke på saker som skal vidare til kommunestyret
- tidspunkt for rapportering frå dei ulike handlingane innan rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- at handsaming av budsjettramme for kontrollarbeidet kjem tidsnok til at det kan følgje ved formannskapet si handsaming fram til kommunestyret

Det å ha ein møteplan sikrar føreseielegheit og gjer at innbyggjarar, media og folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet. Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og på kommunen si heimeside i den ordinære møtekalendaren for folkevalde organ. Sjølv om datoar for kommunestyremøta hausten 2023 ikkje er kjent enno, så legg vi inn dato for kontrollutvalet sine to møter i hausthalvåret. Det vil vere mogeleg å justere desse datoane om ein ser at dei fell ugustig ut i høve til dato for påfølgjande kommunestyremøte.

Sekretariatet set opp fylgjande datoar for Sykkylven kontrollutval sine møter i 2023:

26. januar kl. 14.00 (kommunestyremøte 13. februar)

16. mars kl. 14.00 (kommunestyremøte 27. mars)

25. mai kl. 14.00 (kommunestyremøte 19. juni)

7. september kl. 14.00

(kommunestyret har sitt konstituerande møte innan utgangen av oktober)

30. november kl. 14.00 Nytt kontrollutval

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/23	Sykkylven kontrollutval	26.01.2023

Meldingar

Underliggende saker

01/23 Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Saksframlegg

Saksnr. MS 01/23
Utval Sykkylven kontrollutval

Møtedato
26.01.2023

Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Når Sykkylven kommunestyre har vedteke budsjett for 2023 har kontrollutvalet (v/sekretariatet) bedt om å få ei skriftleg tilbakemelding på kva som er vedteke som budsjettramme for kontrollarbeidet for 2023.

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak frå kontrollutvalet med utvalet si tilråding til kommunestyret som skal følgje budsjettsaka fram til behandling i kommunestyret.

Kontrollutvalet si tilråding på budsjettramme for kontrollarbeidet, er sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 19.09.2022, der det står:

Sekretariatet minner administrasjonen på det som står i saksutgreiinga om at kontrollutvalet føreset at dei vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Sykkylven kommune.

Vedlagt er svaret frå kommunedirektøren som stadfester at det er den ramma som var kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret, som er lagt til grunn og vedtatt.

Vedlegg

Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Emne: SV: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>, Bente Glomset Vikhagen <Bente.Glomset.Vikhagen@sykkylven.kommune.no>

Sendt: 18.01.2023 12:20:05

Fra: Torbjørn Ove Emblem <torbjorn.emblem@sykkylven.kommune.no>

Hei

Ja det stemmer – framlegget er lagt til grunn i vedtatt budsjett for Sykkylven kommune for 2023. Jf vedlegget i din mail.

Torbjørn Emblem

Økonomisjef

Tlf. 46405610

E-post: torbjorn.emblem@sykkylven.kommune.no

Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: onsdag 18. januar 2023 11:07

Til: Bente Glomset Vikhagen <Bente.Glomset.Vikhagen@sykkylven.kommune.no>

Kopi: Torbjørn Ove Emblem <torbjorn.emblem@sykkylven.kommune.no>

Emne: SV: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Hei igjen

Berre for å vere sikker på at vi ikkje snakkar forbi kvarandre...

Eg går ut frå at de meiner framlegget frå Sykkylven kontrollutval? (sjå vedlegget)

Må gjerne få ei stadfesting på det.

(Medlemsdelen i SKS IKS ligg som ein del av kontrollutvalet sitt budsjettforslag, men med tal frå 2022 fordi rep.skapet til selskapet ikkje hadde vedtatt 2023 andelen då kontrollutvalet vedtok si tilråding)

Ha ein fin dag!

Helsing Solveig Kvamme

Fra: Bente Glomset Vikhagen <Bente.Glomset.Vikhagen@sykkylven.kommune.no>

Sendt: onsdag 18. januar 2023 10:45

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Kopi: Torbjørn Ove Emblem <torbjorn.emblem@sykkylven.kommune.no>

Emne: SV: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Hei

Sykkylven kommune har lag til grunn framlegget frå SK IKS når det gjeldt budsjetttramme for 2023.

Med venleg helsing

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

E-post: Bente.Glomset.Vikhagen@sykkylven.kommune.no
Tlf: 95022878

Fra: Solveig Kvamme
Sendt: mandag 19. desember 2022 15:18
Til: bente.glomset.vikhagen@sykkylven.kommune.no
Emne: Budsjett kontrollarbeidet 2023 - vedtak

Hei

No når Sykkylven kommunestyre har vedteke budsjett for 2023 er det fint om kontrollutvalet (v/sekretariatet) kan få ei skriftleg tilbakemelding på kva som er vedteke som budsjetttramme for kontrollarbeidet for 2023.

I samsvar med kommunelova § 14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og tilsyn vart det sendt over ei sak med kontrollutvalet si tilråding som i tråd med lov og forskrift skal liggje ved saka fram til kommunestyret si handsaming.

Viser til denne tilrådinga om budsjetttramme for kontrollarbeidet som vart sendt frå sekretariatet til kommunedirektøren 19.09.2022 der det står:

Sekretariatet minner administrasjonen på det som står i saksutgreiinga, om at kontrollutvalet føreset at dei vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Sykkylven.

Ta kontakt om noko er uklart eller de lurar på noko.

Med venleg helsing
For Sykkylven kontrollutval
Solveig Kvamme
Rådgivar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Tlf 90 74 13 99
solveig.kvamme@sksiks.no
post@sksiks.no
www.kontrollutval.no